



Fløysand Va AS  
Fløksand  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1875 - 17/22075

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
10.11.2017

## Godkjenning - Tilkopling til kommunalt VA-anlegg for ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 52/16 på Kårbø

**Administrativt vedtak. Saknr: 292/2017**

**Tiltakshavar:** Bente Kaarbø Skiaker  
**Ansvarleg søkjar:** Fløysand VA AS

### Saksutgreiing:

Det er i søknad, motteke 14.07.2017, søkt om tilkopling til kommunalt vass- og avlaupsanlegg for ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 52/16,21, Kårbø 42.

Eigedomen skal koplast til det kommunale VA-anlegget via private stikkledingar som går til kum ved kommunal veg, jf situasjonskart motteke 22.09.2017.

Omsøkt eigedom har i følge opplysningar frå tiltakshavar vore med å koste det private anlegget og har rett til å nytte dette, jf epost motteke 23.10.2017. Det ligg før erklæring frå gbnr 52/1 og 52/3, som gir eigedomen gbnr 52/16,21 (mfl.) rett til etablering av vedlikehald av det private anlegget.

### Vurdering:

Naudsynt rett til å kopl seg til private stikkleidningar ligg føre, jf pbl §§ 27-1 og 27-2. Administrasjonen har ingen merknad til at eigedomen vert tilknytt det kommunale VA-anlegget.

### Plassering:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart motteke 22.09.2017.

### Erklæring om ansvarsrett:

Det er erklært ansvarsrett frå føretaket Fløysand VA, as.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

**Vedtak:**

«Meland kommune godkjenner at fritidsbustad på gbnr 52/16,21 på Kårbø blir tilknytt kommunalt VA-anlegg i samsvar med søknad, journalført 14.07.2017, supplert sist 23.10.2017, på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.
- Tilknyttinga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2017 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000,- og for kloakk kr 20 000,- pluss mva, per bueining.

Føretaket Fløysand VA as har erklært ansvarsrett, jf plan- og bygningslova § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan- og bygningslova.»

**Mynde:**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage:**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kart  
Vann avløp til kommunalt

**Kopi til:**

Bente Kaarbø Skiaker

Eikengstubben 16 3404

LIER